

# Forord



Sjølvt etter meir enn 30 års drift på norsk kontinentalsokkel, finst det enno store olje- og gassressursar som ikkje er oppdaga og heller ikkje kunne ut. Ressursane tilhøyrer heile det norske samfunnet og skal forvaltast til det beste for nolevande og komande generasjonar. Difor er det eit overordna mål for regjeringa sin olje- og gasspolitikk at ein størst mogleg del av verdiskapinga frå olje- og gassverksemda skal tilfalla fellesskapet.

For å nå dette målet og framleis sikra sysselsetjing, høg verdiskaping og ein sterk norsk olje- og gassinndustri, er det naudsynt å tilpassa seg endringar i marknads- og konkurransetilhøve i olje- og gassindustrien. Det er viktig at denne industrien løyser oppgåvene sine på norsk kontinentalsokkel samstundes som ein er istand til å hevda seg internasjonalt.

På denne bakgrunn fremma regjeringa gjennom Stortingsproposisjon nr. 36 (2000-2001) i desember 2000 eit forslag om ei betre organisering av det statlege eigarskapet i olje- og gassverksemda. Forslaget opnar mellom anna for fleire eigarar i Statoil ved å børsnotera selskapet. Tanken er at utvida eigarskap vil tilføra Statoil ny kompetanse, nye partnarar og ny kapital. Statoil vil i framtida kunne inngå strategiske eigaralliansar med andre selskap, men staten vil framleis eiga minst 2/3 av aksjane i selskapet. Regjeringa foreslår at SDØE-eigardelar skal inngå i restruktureringa av det statlege engasjementet. I spørsmålet om framtidig forvaltning av SDØE må fleire omsyn inngå, både statsfinansielle tilhøve, industrielle perspektiv og omsynet til effektivitet og konkurransekraft på den norske kontinentalsokkelen.

Gassverksemda i Noreg har eit langsiktig perspektiv. Me har gassressursar for 80-100 år framover. Transport-systemet for naturgass er viktig for å realisera verdien av norsk gass. Det er no naudsynt å gjera tilpassingar i organiseringa av gasstransporten. Regjeringa la difor

i nemnde Stortingsproposisjon fram forslag om å oppretta eit uavhengig transportselskap for drift av røyleidningane og transportrelaterte delar av landanlegg. Transport- og land-anlegg skal tena alle produsentar av gass og medverka til ei samla effektiv utnytting av ressursane på kontinentalsokkelen. Regjeringa må difor sikra at den ansvarlege for drifta av transport-systemet også i framtida opptrer nøytralt overfor alle brukarane av transportsystemet. Staten skal i utgangspunktet vera eigar i selskapet.

I kraft av å vera ein stor leverandør av gass, er dei strukturelle endringane vi ser i den europeiske gassmarknaden særskilt viktige for landet. For å tilpassa oss den nye situasjonen, ser vi no på nye måtar å forvalta gassressursane.

Situasjonen i oljemarknaden har endra seg mykje sidan perioden med dei låge prisane i 1998 og starten på 1999. Oljeprisane har i år 2000 i periodar vore svært høge. I snitt var oljeprisen 28,5 USD per fat gjennom året. Dei høge prisane har medverka til auka internasjonal fokus på oljemarknaden. OPEC har uttrykt eit mål om å stabilisera prisen i eit intervall på 22-28 USD per fat. For Noreg er det viktig å bidra til å gjera marknaden forutsigbar og stabil. Dette er bakgrunnen for at me reduserte reguleringa av norsk produksjon med 100.000 fat/dag frå og med 1. april 2000, og vedtok å ikkje føra vidare reguleringa etter 31. juni 2000. Norsk produksjon var i snitt om lag 3,1 millionar fat råolje per dag i 2000. Me ventar at produksjonen vil halda seg omlag uendra fram til 2004, og deretter avta gradvis.

I Nordsjøtildelingane 2000, der tildelingar vil skje i løpet av første kvartal 2001, inngår 40 blokker eller delar av blokker. Me står og framfor den 17. konsesjonsrunden på norsk kontinentalsokkel. Utlysing skal etter planen skje i 4. kvartal 2001, og tildelingar er planlagt til 2. kvartal 2002. Runden vil omfatta areal i Norskehavet.

Med helsing

Olav Akselsen  
olje- og energiminister

9. mars 2001